

Eksamen

26.11.2020

NAB3001 Naturforvaltning

Programområde: Naturbruk

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, med unntak av ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderinga	Du må meistre faguttrykk og vise forståing for faget. Du må nytte kunnskap og vise evne til refleksjon.

Oppgåve 1

Forvaltning av natur

- a) Drøft fordelar og ulemper med lokal forvaltning.
- b) Beskriv kva for nokre verktøy naturforvaltninga har for å vareta biologisk mangfald.
- c) Tap av natur er ifølge FN den største miljøtrusselen. Korleis meiner du norsk forvaltning forhold seg til denne trusselen?

Oppgåve 2

Griskgrendt kommune ønsker å legge til rette for å bygge skianlegg med tilhøyrande hyttefelt (ca. 200 hytter i første omgang) i Beverlylia.

Området ligg i eit landskapsvernområde som omkransar Vrangpålen nasjonalpark, som er eit relativt lite villreinområde som strekker seg over fem ulike kommunar. Det ligg også føre planar om å starte opp med motorisert transport av skituristar opp til toppen av Grisktind, som ligg inne i nasjonalparken.

Du er saksbehandlar i fylkesmannens miljøvern avdeling og skal vurdere om fylkesmannen bør la kommunen gjennomføre utbygginga, eller om ho bør stansast.

- a) Skisser kva for slags ulike omsyn du må forhalde deg til når du behandlar denne saka.
- b) Har det noko å seie at det føreslåtte inngrepet vil vere i eit landskapsvernområde?
- c) Inngrepet vil redusere leveområdet for denne villreinstammen. Kva for nokre konsekvensar kan det ha for bestanden på kort og på lang sikt?
- d) Transporten til Grisktind vil sette få spor i naturen, sidan han er på snø. Korleis vurderer du denne aktiviteten med tanke på lovverk og naturomsyn?
- e) Dersom du bestemmer deg for at inngrepet bør stansast, vil kommunen vere ueinig. Kan kommunen få omgjort vedtaket slik at dei likevel kan bygge ut?

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal du alltid oppgi dem på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg	Ingen
Informasjon om vurderingen	Du må beherske faguttrykk og vise forståelse for faget. Du må anvende kunnskap og vise evne til refleksjon.

Oppgave 1

Forvaltning av natur

- a) Drøft fordeler og ulemper med lokal forvaltning.
- b) Beskriv hvilke verktøy naturforvaltningen har for å ivareta biologisk mangfold.
- c) Tap av natur er ifølge FN den største miljøtrusselen. Hvordan mener du norsk forvaltning forholder seg til denne trusselen?

Oppgave 2


Griskgrendt kommune ønsker å legge til rette for å anlegge skianlegg med tilhørende hyttefelt (ca. 200 hytter i første omgang) i Beverlylia.

Området ligger i et landskapsvernområde som omkranser Vrangpålen nasjonalpark, som er et relativt lite villreinområde som strekker seg over fem ulike kommuner.

Det foreligger også planer om å starte opp med motorisert transport av skiturister opp til toppen av Grisktind, som ligger inne i nasjonalparken.

Du er saksbehandler i fylkesmannens miljøvernavdeling og skal vurdere om fylkesmannen bør la kommunen gjennomføre utbyggingen, eller om den bør stanses.

- a) Skisser hvilke ulike hensyn du må forholde deg til når du behandler denne saken.
- b) Har det noen betydning at det foreslåtte inngrepet vil være i et landskapsvernområde?
- c) Inngrepet vil redusere leveområdet for denne villreinstammen. Hvilke konsekvenser kan det ha for bestanden på kort og på lang sikt?
- d) Transporten til Grisktind vil sette få spor i naturen, siden den er på snø. Hvordan vurderer du denne aktiviteten med tanke på lovverk og naturhensyn?
- e) Dersom du bestemmer deg for at inngrepet bør stanses, vil kommunen være uenig. Kan kommunen få omgjort vedtaket slik at de likevel kan bygge ut?



www.vigoiks.no/eksamen